



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
312/113.22Z	24.04.2013	38324/2013/S11	Johnny Loen, 71 25 82 88	24.06.2013

Halsa kommune - søknad vassressurslova - Skallelva kraftverk - Skallelva Kraft AS - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Friluftinteressene i området er avgrensa og lokale. Det er heller ikkje registrert vesentlege kulturminneverdiar. Vi vil ikkje gå imot at det vert gitt konsesjon som omsøkt.

Vi har likevel ein merknad knytt til søknaden. Ved tidlegare høve er det godkjent reguleringsplan for eit hyttefelt lenger inn i terrenget (enn kraftinntaket). Også i denne saken vart det vist til eksisterande skogsveg som tilkomst. Vi ga signal om at ei eventuell utbetring av vegen med føremål å kome til hyttefeltet, eventuelt forlengje, burde utløyse reguleringskrav. Premissen for hyttefeltet slik det låg føre, var med andre ord ikkje biltilkomst. I utgreiinga til søknaden, punkt 2.4 vert oppgradert veg nemnt som ein fordel for planlagt hyttefelt og for skogsdrift. For skogsdrift er vegen allereie til stades, så vi stiller spørsmål om korleis fordelane kan bli vesentleg større her.

Vegen vil vere det største inngrepet i området reint estetisk. Dersom han skal oppgraderast bør detaljplan stille strenge krav om fyllings- og skjeringsutslag og korleis desse vert avslutta mot naturterrenget. Vi vil ikkje tilrå at vegen vert forlengja lenger inn i fjellet enn det som elveinntaket fordrar.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Kopi:
Halsa kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her